

Møtebok frå det 39. landsmøtet i Norsk Målungdom

FREDAG 17.03.2000

SAK 1 OPNING

Leiar Magnus Bernhardsen opna møtet 13:43.

Innkallinga til landsmøtet vart samrøystes godkjend.

Eli Bjørhusdal og Guri Skeie vart valde til ordstyrarar.

Tilskiparlaget, Studentmållaget i Oslo, ved leiar Ingvild A. Måseide fekk ordet.

SmiO-medlemene på møtet kom opp og song "Flaumen går".

Ingvild Måseide heldt opningstale.

Per Ditlef Simonsen (Ordførar i Oslo) tala for møtelyden.

Desse vart valde til møtestyrarar

Guri Skeie, Eli Bjørhusdal, Vidar Lund, Filip Stokkeland, og Mette Løkeland-Stai

Desse vart valde til møteskrivarar

Jone Aareskjold, Inger Helen Sekse, Ida Skagen, Ingar Arnøy, Oddbjørn Haugen, Randi A. Holmelid, Gunleiv Hadland, og Erik Bolstad.

Framlegg frå landsstyret til tuftnemnd

Ragnhild Bjørge (leiar), Marita H. Ådanes, Guri Skeie. Vara: Marte Kuvås, Jone Aareskjold.

Samrøystes valde

Framlegg frå landsstyret til arbeidsprogramnemnd

Inger Johansen (leiar), May-Brit Horsås, Sigbjørn Hjelmbrække. Vara: Håvard Avelsgaard, Jenny Sundvall.

Samrøystes valde

Framlegg frå landsstyret til nemnd for fråsegner og andre vedtak

Magnus Bernhardsen (leiar), Ingvild Berge, Marit Aa. Tennø, Silje Buset, Veronika Stokseth.

Samrøystes valde

Framlegg frå landsstyret til økonominemnd:

Erik Bolstad (leiar), Hege Tangen, Hege Myklebust.

Tilleggsframlegg: Bjørn Nesse Hunderi går inn nemnda.

Samrøystes vedteke

Økonominemnd vart samrøystes vald

Framlegg frå landsstyret til fullmaktsnemnd:
Erik Bolstad (leiar), May-Britt Hopsdal, Helga Bjørge.
Samrøystes valde

Framlegg frå landsstyret til underskrivarar av landsmøteboka:
Bjørn Nesse Hunderi, Siv Janne Andersen.
Samrøystes valde

Guri Skeie las opp framlegg til landsmøteføresegner.
Samrøystes vedtekne utan endringar

Eli Bjørhusdal las opp LST sitt framlegg til endring i lovfesta frist for innlevering av tuftendringar:

“Landsstyret oppmoder landsmøtet om å sjå bort frå §11 i lovene, som seier at framlegg til tuftendringar må vera sende til sentralstyret seks veker føreåt, og ha føre alle framlegg til tufta som kjem inn innan klokka 2300 fredag 2000-03-17.”
Samrøystes vedteke

Møtelyden song “Paa fjellet”.

SAK 2 LEIARTALE

Kl 1410 fekk Magnus Bernhardsen ordet, og heldt leiartale.

Magnus Bernhardsen vitra om at ein av medlemene i NMU, Halgeir Time har gått bort sidan førre landsmøte. Me heldt eit minutt stille .

Erik Bolstad tala for fullmaktsnemnda, gjorde merksam på feil i innsjekkinga, og fortalte kven som hadde røysterett og ikkje. Rot i nummerarka vart ordna, men det synte seg at sume i salen ikkje hadde vorte lesne opp.

Desse hadde ordet:
Gudrun Kløve Juuhl.

****I sett inn innstillinga her***

Innstillinga vart vedteken med ei endring:

Jan Corneliussen vart observatør for Studentmållaget i Bergen, i staden for Bjørge Een Aardal.

Helsingstale frå Oddmund Hoel, leiaren i Noregs Mållag, helsa landsmøtet til NMU.

Møtelyden tok pause kl 1450.

Møtet tok til att 1500, med songen “Mot i brystet”.

Hilde Lysengen Havro (leiar i valnemnda) vitra stutt frå valnemnda, og melde om intervjutider for moglege landsstyremedlemer.

Eli Bjørhusdal vitra om kven som hadde andsvar for praktiske ting på landsmøtet. Ingvild A. Måseide kom med praktisk informasjon frå tilskiparlaget.

SAK 3 ÅRSMELDING

Eli Bjørhusdal vitra om gjennomgangsmåten for årsmeldinga.

Inger Johansen innleidde om årsmeldinga.

Det vart opna for ålment ordskifte om årsmeldinga. *Desse hadde ordet:* Inger Helen Sekse, Marit Tennø, Veronika Stokseth, Arne Skuterud, Hege Tangen ,Magnus Bernhardsen..

Sidan vart årsmeldinga handsama punkt for punkt. Under punktgjennomgangen vart ordskiftet brote av slik at Karianne Moe kunne halda helsingstale frå Sosialistisk Ungdom.

Desse hadde ordet:

Punkt 2.1: Magnus Bernhardsen

Punkt 2.5: Magnus Bernhardsen

Punkt 2.6: Silje Buset

Punkt 3.2.1: Magnus Bernhardsen

Punkt 3.2.2-3: Magnus Bernhardsen, Eli Bjørhusdal , Erik Bolstad, Inger Johansen.

Punkt 3.2.5-7: Eli Bjørhusdal , Håvard Avelsgaard, Lillian Leivestad,

Punkt 3.3.2-4: Magnus Bernhardsen, Halvard Dahle Læg Reid.

Punkt 4.1-4.2.3: Ingvild Måseide, Trond Martin Sæterhaug, Guri Skeie (RE).

Punkt 4.34: Magnus Bernhardsen,.

Framlegg til tillegg til årsmeldinga:

Linje 408: Erik Bolstad - stryk Notodden vgs.

Linje 645: Halvard Dahle Læg Reid: stryk "til all lukke"

***2 set inn smio sin merknad her**

Røysteteljarar vart utnemnde av møtestyrarane: Gard Høyvik og Frank Rønning.

SmiO sin merknad vart vedteken 15-9, med 2 fråhaldande.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

Vidar Lund heldt helsingtale frå Bondeungdomslaget i Oslo.

SAK 4 REKNESKAP

Erik Bolstad vitra om rekneskapen.

Desse tala: Trond Martin Sæterhaug. Eli Bjørhusdal kommenterte at revisjonsmeldinga var på bokmål.

Erik Bolstad vitra om rekneskapen for driftsfondet.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

Rekneskapen for Driftsfondet vart samrøystes godkjent.

Det vart gjort framlegg om å byrja tuftordskiftet kl 1800, av di møtet var 20 minutt på etterskot. Inger Helen Sekse ytra seg mot dette. I staden tok ein ein 5 minutt pause før ein gjekk på gute- og jente-formøte kl 1700.

GUTE- OG JENTEFØREMØTE

SKIFTE

SAK 5 TUFTA

Astrid Sverredotter Dypvik innleidde

Før ordskiftet ba Magnus Bernhardsen om at landsmøtet skulle vedta ei slik fråsegn:

“Til Trond Giske. Landsmøtet i NMU ynskjer deg lukke til som ny KUF-minister, og me inviterer deg til landsmøtet i helga”.

Vedteke med akklamasjon.

Etter handsaminga av denne fråsegna var det gruppedelte ordskifte om tufta.

Før det samla ordskiftet kom Inger Helen Sekse med med praktiske opplysningar.

Helsing frå Juvente ved leiar Sten Magne Berglund.

Samla tuftordskifte:

Desse tala: Veronika Stokseth, Gunnar Juuhl, Erik Bolstad, Marit Aa. Tennø, Hilde Ullman, Magnus Bernhardsen, Håvard Avelsgaard, Jone Aareskjold, Silje Buset, Astrid S. Dypvik, Lillian Leivestad, Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Ragnhild Bjørge, Thorgeir Holm, Håkon Kolmannskog, Klaus Johan G. Myrvoll (replikk), Håkon Kolmannskog (svarreplikk), Marita H. Ådnanes, Gudrun Kløve Juuhl, Eli Bjørhusdal, Erik Haugan, Hilde Havro, Filip Stokkeland, Klaus Johan G. Myrvoll (replikk), Hilde Havro (svarreplikk), Jenny Sundvall, Bjørn Nesse Hunderi, Oddmund Hoel, Tarjei Johannessen Vågstøl, Ingar Arnøy, Arild Torvund Olsen, Magnus Bernhardsen, Erik Bolstad, Astrid S. Dypvik.

SAK 6 LOVBRIGDE OG LOVER FOR DRIFTSFONDET

Erik Bolstad innleidde om dei innkomne framlegga:

Framlegg frå landsstyret til ny §5

Det skal svarast medlemspengar for kvar medlem. Medlemspengane er sette saman av ein sentralsats og ein lokalsats. Landsmøtet fastset sentralsatsen og ein tilrådd lokalsats kvart år, medan årsmøtet i lokallaget fastset lokalsatsen. Fyrste året ein medlem er med, tilsvarar medlemspengane sentralsatsen. Nye medlemmer som blir innmelde mellom juli og desember, kan betala tilsvarande dobbel sentralsats som medlemspengane for to år. Lokallaga skal få refundert lokalsatsen av medlemspengane kvart år. Det fyrste året ein medlem er med, er den høgste summen laget kan få attende likt med sentralsatsen.

Vedteke med 22 røyster

*3 vart dette vedteke her: sjekk ut!

Framlegg til vedtak:

“Lovendinga blir gjeldande frå januar 2000, slik at refusjonar i 2001 (for 2000) blir etter dei nye reglane”.

Vedteke

Framlegg frå landsstyret til ny §17

Eit lokallag må ha minst fem medlemmer for å ha rett til røystefør utsending på landsmøtet. Talet på røysteføre utsendingar vert fastsett etter denne nøkkelen:

05-10 medlemmer gjev 2 utsendingar

11-25 medlemmer gjev 3 utsendingar

26-40 medlemmer gjev 4 utsendingar

41-60 medlemmer gjev 5 utsendingar

61-90 medlemmer gjev 6 utsendingar

91-150 medlemmer gjev 7 utsendingar

lag med meir enn 150 medlemmer får 8 utsendingar

Lokallaga og distriktslaga har høve til å senda observatørar til landsmøtet.

Vedteke med 23 røyster, 1 fråhaldande

Framlegg frå landsstyret til ny §44

Norsk Målungdom skal ikkje binda seg til noko politisk parti.

Samrøystes vedteke

Gudrun Kløve Juuhl vitra om vervekampanjen.

Me avslutta dagen med å syngja “Flaumen går”

LAURDAG 2000-03-18

Møtelyden song “Mot i bringa”

Ordstyrarar: Filip Stokkeland, Mette Løkeland-Stai

Møteskrivar: Erik Bolstad

SAK 13 VITRING FRÅ VALNEMNDA

Hilde Havro vitra frå valnemnda.

SAK 7 MEDLEMPENGAR 2001

Erik Bolstad la fram framlegget frå landsstyret til medlemspengar: *Sentralsatsen av årspengane for år 2001 vert den same som for 2000; 30 kr. Tilrådd lokalsats vert 30 kr.*

SAK 6 LOVBRIGDE OG LOVER FOR DRIFTSFONDET

Erik Bolstad la fram framlegget til nye lover for Driftsfondet.

SAK 8 ARBEIDSPROGRAM

Gudrun Kløve Juuhl innleidde.

Etter innleiinga gjekk vi til gruppeordskifte. Ordstyrarane las opp nye framlegg til gruppeinndelingar. Etter gruppeordskiftet var det samla ordskifte.

Samla ordskifte:

Desse hadde ordet til punkta i arbeidsprogrammet

- Punkt 1 Håvard Avelsgaard, Håkon Kolmannskog, Gudrun Kløve Juuhl
- Punkt 2.1 Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Håvard Avelsgaard, Magnus Bernhardsen, Gunhild Hofstad, Mette Løkeland-Stai, Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Jorunn Erga Steinsland, Magnus Bernhardsen, Gunhild Hofstad (replikk), Ingvild Aursøy Måseide, Astrid Sverresdotter Dypvik.
- Punkt 2.2 Trond Martin Sæterhaug, Håkon Kolmannskog.
- Punkt 2.4 Trond Martin Sæterhaug, Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Erik Bolstad, Magnus Bernhardsen (replikk), Gudrun Kløve Juuhl, Klaus Johan Grønseth Myrvoll (replikk), Hilde Lysengen Havro, Astrid Sverresdotter Dypvik, Inger Johansen,

Etter dette valde møtelyden å kutta replikkane.

- Punkt 2.5 Ingvild Aursøy Måseide, Trond Martin Sæterhaug, Silje Buset, Magnus Bernhardsen, Klaus Johan Grønseth Myrvoll
- Punkt 3 Inger Johansen, Lillian Leivestad, Håvard Avelsgaard, Gard Eitungjerde Høyvik, Gudrun Kløve Juuhl, Magnus Bernhardsen, Hilde Ullmann, Leif Rune Rong, Jone Aareskjold, Ingvild Aursøy Måseide

Inger Helen Sekse kom med praktisk informasjon.

Hilde Lysengen Havro las opp intervjutider for valnemnda.

Pause

SAK 6 LOVENDRINGAR OG LOVER FOR DRIFTSFONDET

Framlegget til lover frå landsstyret vart samrøystes vedteke.

SAK 9 BUDSJETT 2000 OG BUDSJETT 2001

Erik Bolstad innleidde.

Desse hadde ordet: Trond Martin Sæterhaug, Ingvild Aursøy Måseide, Filip Stokkeland, Trond Martin Sæterhaug.

Ordstyrarane orienterte om fristen for endringsframlegg på arbeidsprogram, fråsegner og budsjett er kl 18:30.

SAK 10 FRÅSEGNER

“Unge Høgre er språkrasistar!”

Astrid Sverresdotter Dypvik innleidde.

“Ny regjering – EU er det same. Køyr debatt!”

Gudrun Kløve Juuhl innleidde.

Desse hadde ordet: Magnus Bernhardsen, Trond Martin Sæterhaug.

“Tek du utfordringa, Stoltenberg”

Astrid Sverresdotter Dypvik innleidde.

Desse hadde ordet: Gunnar Juuhl.

“Me krev lik rett til utdanning!”

Ragnhild Bjørge innleidde.

Desse hadde ordet: Gard Eitungjerde Høyvik, Magnus Bernhardsen, Jorunn Erga Steinsland, Filip Stokkeland, Ragnhild Bjørge,

“Stogg undertrykkjinga av samane!”

Magnus Bernhardsen innleidde.

Desse hadde ordet: Silje Buset, Hilde Lysengen Havro, Astrid Sverresdotter Dypvik, Sigbjørn Hjelmbrække, Hilde Lysengen Havro.

Andre fråsegner

Ordstyrarane opna for presentasjon av nye framlegg til fråsegner.

Desse hadde ordet: Magnus Bernhardsen, Trond Martin Sæterhaug.

**4 kva for fristar? sett inn*

Ordstyrarane orienterte ein gong til om fristar.

Song: Ola Tveiten

SAK 11 DEN KURDISKE MÅLREISINGA

Mehmed Uzun innleidde. Etter innleiinga var det ope for kommentarar.

Desse hadde ordet: Mette Løkeland-Stai, Gard Eitungjerde Høyvik, Mehmed Uzun.

Studentmålaget i Oslo kom med framlegg om å endra køyreplanen, slik at tuftvedtakspunktet kjem før sidemålsunktet. Dette vart samrøystes vedteke.

SAK 5 TUFTA

Ragnhild Bjørge la fram innstillingane frå tuftnemnda.

ENDRINGSFRAMLEGG TIL FRAMLEGGET TIL NY TUFT FOR NMU

FØREMÅL

1 Frå SmiB:

Line 2: Norsk Målungdom er ungdomslaget til Noregs Mållag (*Før sjølve tufteaksten*)
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Ikkje halde oppe

2a Frå sentralstyret

Ny fyrstesetning til pkt 1. Føremål:
“Norsk Målungdom arbeider for at alle i Noreg skal velja å skriva nynorsk i staden for bokmål, og for å styrkja dialektane”
Samrøystes tilrådd vedteke frå nemnda

2b Frå Klaus Johan G. Myrvoll

Bolk 1, lina 1-2. Byt ut fyrste setningi med:
“Norsk Målungdom vil vinna folket for den norske målreisingstanken. Norsk Målungdom vil soleis arbeida for at nynorsk skal verta det einaste riksmålet i Noreg”
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Avvist mot 7 røyster

2c Framlegg frå Håkon Kolmannskog og Eli Bjørhusdal

Nytt framlegg til fyrstesetning:
“Norsk Målungdom arbeider for at alle som ynskjer å skriva ”norsk” vel å skriva nynorsk. Norsk Målungdom arbeider òg for å styrkja dialektane.”
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Ikkje halde oppe

2d Frå Studentmållaget i Bergen:

Line 7-9: Nytt avsnitt:
“Norsk Målungdom arbeider for at alle i Noreg skal velja å skriva nynorsk, og snakka dialekt. Norsk Målungdom vil gjera folk medvitne talemålet sitt, og skapa rom for nynorsk normaltalemål.”

Desse hadde ordet til 2: Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Silje Buset.

Framlegg 2a og 2d vart sett opp mot kvarande. Framlegg 2a vart vedteke mot 8 røyster

3 Frå SmiB:

“Til grunn for målreisinga ligg ein breiare kulturstrid for norskdom og folkeleg daning.”
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Avvist mot 6 røyster

4 Frå Gudrun Kløve Juuhl

Pkt 1, line 10 (fell dersom framlegg 3 vert vedteke):
Legg til ordet “nasjonal” før “sjølvråderett”
Samrøystes tilrådd vedteke
Vedteke mot 5 røyster

5 Frå Veronika Stokseth

Line 13:
“Norsk Målungdom skal arbeide for å verne rettane og betre vilkåra til nynorskbrukarane”
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda. Nemnda har gjort framlegg om å arbeida det inn i 3.7, fr. 20

Ikkje halde oppe.

HISTORISK GRUNNLAG

1a Frå nemnda

Ny overskrift pkt 2. Historisk grunnlag
“Striden for norsk mål”
Samrøystes tilrådd vedteke frå nemnda

Desse hadde ordet: Gudrun Kløve Juuhl.

Avvist med 17 røyster, mot 8 røyster (5 fråhaldande)

1b Frå Arild T. Olsen

Byt ut dei tre fyrste linorne i det historiske grunnlaget med: “Målstriden skriv seg frå kolonitida under Danmark. Dansk vart innført som styringsmål for landet, og fekk etter kvart høgare prestisje enn norsk.”

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Ikkje halde oppe

1c Frå Thorgeir Holm

Byt ut fyrste avsnittet i 2 Historisk grunnlag med:

“Målstriden skriv seg frå kolonitida under Danmark. Jamte med at den politiske makta kom på utanlandske hender, trengde òg det kjøpenhamnske styringsmålet ut norsk som skriftmål på alle omkverve. Dette danske styringsmålet vart med tida mynster for talemålet åt dei øvste laga i det norske samfunnet, og fekk høgare prestisje enn norsk. I dag står striden mellom framhaldet av dette styringsmålet – bokmål – og det norske målet representert ved nynorsken og dei norske målføra.”

Samrøystes tilrådd vedteke frå nemnda

1d Frå SmiB

Line 17-20: Byt ut avsnittet med fylgjande:

“Målstriden skriv seg frå dansketida. Under dansketida var dansk einerådande som skriftspråk i Noreg, og dansk vart og teken i bruk som talemål av dei øvste sosiale laga i Noreg. Målstriden i Noreg er framleis ein strid mellom dette innførte – i dag bokmål – og det heimlege norske representert ved nynorsken.”

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda

Framlegg 1c og 1d vart sette opp mot kvarande. 1c vedteke mot 10 røyster, 1 fråhaldande.

2 Frå SmiB

Line 22-24:
Stryk desse linene
Samrøystes tilrådd vedteke frå nemnda

Vedteke mot 5 røyster.

3 Frå Silje Buset

Line 26:
Bytt ut: “det norske folket” med “folk i Noreg”.
Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda
Vedteke mot 4 røyster, 1 fråhaldande

4a Frå Gudrun Kløve Juuhl

Pkt 2, line 31-32. Endra “I 1885 vart det vedteke at det norske landsmålet og dansken skulle vera jamstelte.” til “I 1885 vedtok Stortinget, for å hjelpa fram det norske landsmålet, at landsmål skulle vera jamstelt med den rådande dansken.”

Innarbeidd i nemnda sitt framlegg
Ikkje halde oppe

4b Frå nemnda

Bolk 2, lina 30-32:

Stryk heile avsnittet.
Samrøystes tilrådd vedteke frå nemnda
Vedteke

4c Framlegg frå nemnda

Line 30-32:

“For å hjelpa fram det norske målet, vedtok Stortinget i 1885 at landsmålet skulle vera jamstelt med den rådande dansken”

Samrøystes tilrådd vedteke, dersom framlegg 4a vert vedteke.

4d Framlegg frå Klaus Johan Grønseth Myrvoll

Stryk line 34-36

MØTESKRIVARANE MISTA TRÅDEN FULLSTENDIG UNDER PKT 4!!

** sjekk ut!!!*

5a Frå Gudrun Kløve Juuhl

I staden for line 34-36:

“Utetter 1900-talet gjekk nynorsken fram, han vart røysta inn i skulekrinsar, kyrkjekrinsar og kommunestyre over heile landet. Etter krigen kom målrørsla på defensiven, me greidde ikkje stå imotåtaka frå riksmålsrørsla eller møta den nye politiske stoda på femtitalet.

Fyrst med den motkulturelle bløminga på syttitalet fekk målrørsla framgang att. Då fekkmålrørsla gjennomslag for at det er bra å snakka dialekt og pressa framretten til læremiddel på nynorsk. Målrørsla greidde vera med og forma det norske samfunnet av di me tok del i det politiske ordskiftet og sto for saker som var viktige for folk. Me makta gjera målsak til samfunnssak.”

Innarbeidd i nemnda sitt framlegg

Ikkje halde oppe

5b Frå Jone Aareskjold

Til line 34-36. Hald på dei to første setningane. Byt ut resten av avsnittet med dette:

“I etterkrigstida gjekk nynorsken likevel mykje tilbake, mellom anna på grunn av riksmålsreaksjonen og den statlege samnorsklinja. Fyrst på syttitalet reiste nynorskfolket seg att, og vann gjennom dialektaksjonar ein stor og varig siger for norsk talemål. Diverre vart arbeidet for norsk skriftspråk nedprioritert i denne perioden.”

Samrøystes tilrådd avvist, innarbeidd i 5d

Ikkje halde oppe

5c Frå Håvard Tangen

Til line 34-36, endring av setning 3 og 4 i dette avsnittet:

“I etterkrigstida gjekk nynorsken attende på grunn av sentralisering, den dominerande samnorskideologien, riksmålsframstøyten og språkfredslina. På 70- og 80-talet stabiliserte den nynorske skuleprosenten seg mellombels, men dialektbylgja gav ingen varig framgang.”

Samrøystes tilrådd avvist, innarbeidd i 5d

Ikkje halde oppe

5d Framlegg frå nemnda

Line 34-36:

“Utetter 1900-talet hadde nynorsken stor framgang, han vart røysta inn i skulekrinsar, kyrkjekrinsar og kommunestyre over heile landet. Etter krigen kom målrørsla på defensiven, og greidde ikkje stå imot reaksjonane frå riksmålsrørsla og den statlege samnorsk- og språkfredspolitikken.

Fyrst med den motkulturelle bløminga på syttitalet fekk målrørsla framgang att. Då fekk me gjennomslag for at det er bra å snakka dialekt, og fekk kjempa fram retten til læremiddel på nynorsk. Målrørsla greidde vera med og forma det norske samfunnet av di me tok del i det politiske ordskiftet og at me greidde å gjera målsak til samfunnssak.”

Samrøystes tilrådd vedteke

Vedteke mot 6 røyster, 6 fråhaldne

Framlegg frå ordstyrarane:

“Landsstyret får fullmakt til å retta opp syntaks, rettskriving og språklege inkonsekvensar.”
Samrøystes vedteke.

6 Frå SmiB:

Line 30-36:

Stryk desse linene.

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda

Avvist mot 8 røyster

7 Frå Gunnar Juuhl

Line 15, punkt 2: “Grunnlag for målreisinga”

Line 16, punkt 2.1: “Eldre målsoge”

Stryk line 33-36

Ny line 33: “2.2 Nyare målsoge”

Her kjem endringsforslag 5a frå Gudrun Kløve Juuhl

(Heng saman med 5a. Fell dersom 6 vert vedteke.)

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda

Avvist mot 6 røyster, 3 fråhaldande

8 Frå Erik Bolstad, Jone Aareskjold, Ida Skagen, Kristian Evjen Thunestveit og Veronika Stokseth

Til Grunnlaget for målreisinga, heilskapleg framlegg:

– stryk line 15-36

– endra line 39 til “Eit målpolitisk dannelsingsprosjekt”

– nytt avsnitt etter line 39:

“Målstriden skriv seg frå dansketida. I ein strid for nasjonal, sosial og kulturell frigjering, fekk det norske folket sitt eige skriftmål. Ivar Aasen laga eit nynorsk skriftmål som tok opp i seg strukturen og det rike ordtilfanget i dei norske dialektane, og som stod i tradisjon med gamalnorsk og mellomnorsk. Det nynorske skriftmålet vart ein reidskap for danning på heimleg grunn.”

Grunngjeving:

Ved å dela opp tufta i historisk grunnlag og målreisinga skil vi mellom målfolka på 1880-talet og oss sjølve. Eg meiner det er viktig at tradisjonen i heile det målpolitiske dannelsingsprosjektet: Målreisinga, er tydeleg i tufta.

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda

Avvist mot 3 røyster, 3 fråhaldande.

9 Frå Erik Haugan og Eli Bjørhusdal

Byt om punkt 2 og 3

Grunngjeving:

Det er punktet ”Målreisinga i dag” som skildrar ideane til NMU, det er viktigare enn analysen av det historiske grunnlaget. Det svekkjer ikkje tufta på noko vis at den historiske analysen kjem etter det ideologiske grunnlaget. Det er litt dumt at tufta hoppar 600 år attende i saga alt i 4. lina.

Samrøystes tilrådd avvist frå nemnda

Avvist med 16 røyster mot 13 røyster (3 fråhaldande)

MÅLREISINGA I DAG

1a Frå Thorgeir Holm

Legg til eit ord i andre setningen i fyrste avsnittet i 3 Målreisinga i dag:

Han framstiller nynorsk og bokmål som to *likeverdige* variantar av norsk mål, ...

Samrøystes tilrådd avvist

Ikkje halde oppe

1b Framlegg frå Ragnhild Bjørge:

Line 40-42:

1) Stryk fyrsteavsnittet og set inn dette: “Målstriden i dag er ein kamp mellom to mål- og daningstradisjonar som bae gjer krav på å definera det norske. Den rådande likesæla og det vantande ordskiftet gjer at målstriden framstår som uviktig.

Skriv saman nytt avsn. 1 og avsn.2
Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: 1 mot. 1 fråhalden. Vedteke.

2 Frå Marit Aa. Tennø og Astrid S. Dypvik

3.0 Til line 44, tillegg/nytt avsnitt:

Eit synleg utviklingstrekk i dag er at fleire vel å flytta til byane, difor er det viktig at nynorsken vert kvitt stampelet som eit mål som berre høver for bygdene. NMU meiner at nynorsken er like mykje eit bymål som eit bygdemål.

Samrøystes tilrådd avvist

Røysting: 32 for framlegget. 4 fråhaldande. Vedteke.

3 Frå SST

Line 44-45. Endre setninga til: ”Norsk Målungdom arbeider for å gjera folk medvitne om at denne striden framleis finst, og få dei til sjølve å aktivt velja side for nynorsk”.

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: Samrøystes vedteke.

4a Frå Astrid S. Dypvik og Ragnhild Bjørge

Pkt 3.1 Norskdom. Byt ut det som står med dette:

Verdssamfunnet i dag er prega av kulturell einsretting. Norsk Målungdom ynskjer kulturelt mangfald gjennom utveksling av idear og haldningar mellom nasjonane i staden for den marknadsstyrte kulturøydinga som skjer i dag.

Nasjonal byrgskap og tilknytning til eigne tradisjonar og kultur gjev grunnlag for respekt og forståing for andre folk og deira kultur. NMU arbeider mot sjåvinisme og rasisme, og for at det skal vera mogleg for andre folkeslag i Noreg å verna om og å utvikla eigne språk, kulturar og tradisjonar.

Innarbeidd i 4 c

Ingen heldt framlegget oppe.

4b Frå Eli Bjørhusdal og Erik Haugan

Line 55:

Stryk ”Nasjonal byrgskap og...” slik at setninga byrjar med; ”Tilknytning til...”

(Kan/bør innarbeidast i andre endringsframlegg om same avsnittet)

Framlegget er endringsframlegg både til den opphavleg teksten og til 4a

Innarbeidd i 4 c

Ingen heldt framlegget oppe.

4c Frå nemnda

Pkt 3.1 Norskdom. Byt ut fyrste heile punkt:

Tilknytning til eigne tradisjonar og kultur gjev grunnlag for respekt og forståing for andre folk og deira kultur. Verdssamfunnet i dag er prega av kulturell einsretting. Norsk Målungdom ynskjer kulturelt mangfald gjennom utveksling av idear og haldningar mellom nasjonane i staden for den marknadsstyrte kulturøydinga som skjer i dag.

Norsk Målungdom arbeider mot sjåvinisme og rasisme, og for at det skal vera mogleg for andre folkeslag i Noreg å verna om og å utvikla eigne språk, kulturar og tradisjonar.

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: Samrøystes vedteke.

5 Frå Thorgeir Holm

Byt ut andre setningen i fyrste avsnittet i 3.2 Norsk mål med:

Det nynorske skriftmålet skal vera tufta på likskap, vyrndnad og samhandling mellom alle i nasjonen, og vert soleis uttrykket for heilskapen av dei norske målføra og den norske kulturen.

Samrøystes tilrådd avvist

Ingen heldt framlegget oppe.

6a Frå Vestlandske Målungdom

Byt ut avsnitt 2 i 3.2 *Norsk mål* med:

Dialektane er det nedervde norske målet, og dei er eit av dei fremste kjennemerka på lokal identitet. Norsk Målungdom arbeider for å gjera folk stolte over dialektane, og for å auka vilja til å halda på dei.

Nytt avsnitt, mellom noverande avsnitt 2 og 3:

Nynorsk normaltalemål kan vera med på å hjelpa fram sermerkte norske seiemåtar, difor ynskjer me å auka statusen til tala nynorsk.

Byt ut 3. avsnittet med:

Norsk Målungdom arbeider mot tilnærming mellom nynorsk og bokmål, og ynskjer ein oversynleg og fylgjestreng nynorsk som tek opp i seg dei samlande draga og det rike ordtilfanget i dei norske målføra. Dette inneber strid mot bokmål, samnorsk og anglonorsk.

Samrøystes tilrådd vedteke med endringa i 7b.

6b Frå Arild T. Olsen

Byt ut avsnitt 2 i 3.2 med (i staden for framlegg 1 og 2 frå VMU): Dialektane er det nedervde norske målet, og er samstundes eit av dei fremste kjennemerka på lokal identitet. Norsk Målungdom arbeider for å gjera folk stolte over dialektane, og for at folk skal nytta og normera mot heimlege målføre.

Nynorsk normaltalemål kan vera med på å hjelpa fram sermerkte norske seiemåtar, difor ynskjer me å auka statusen til tala nynorsk.

Endring til 6a. Fell dersom 6a ikkje vert vedteke.

Samrøystes tilrådd avvist, dekt opp av 6a

Røysting: 6a mot 6b. 10 for 6b, 3 fråhaldne. 2 allmenn vedteke.

7a Frå SmiB:

Line 68 i det opphavlege framlegget eller til 1. setninga, 3. avsnittet framlegg 6 a (dersom det vert vedteke):

Byt ut fyrste setninga med: ”Norsk Målungdom meiner at nynorsk og bokmål er ulike språk og arbeider for at det skal vera tydeleg skilnad mellom dei.”

Innarbeidd i 7b.

Ingen heldt framlegget oppe.

7b Frå nemnda

Line 68 i det opphavlege framlegget eller til 1. setninga, 3. avsnittet framlegg 6 a (dersom det vert vedteke):

”Norsk Målungdom ynskjer ikkje ei tilnærming mellom nynorsk og bokmål, men ein ...”

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: 1 fråhalden. Vedteke.

8 Frå Håvard Tangen

Til 3.2 Norsk mål, line 71, tillegg:

Norsk Målungdom er usamd i den statlege språknormeringa, og er motstandar av tilnærming mellom bokmål og nynorsk.

Grunngjeving:

NMU kan korkje stø normeringspraksisen til Norsk Språkråd, som bryt med synet vårt om ein oversynleg og fylgjerett nynorsk, eller den udemokratiske skipnaden med eit filologisk råd som ikkje ein gong vil leggja vidfemnande læreboknormalendingar ut på høyring. Framlegget samsvarar òg med gjeldande tuft.

Samrøystes tilrådd avvist, dekt opp av det opphavlege framlegget og evt av 6a.

Røysting: 9 for. 3 fråhaldne. Ikkje vedteke.

9 Frå Erik Bolstad

3.2 Stryk line 68-71

Innarbeidd i framlegget frå VMU

Ingen heldt framlegget oppe.

10 Frå Magnus Bernhardsen

Line 76: Byt ut "Berre 'naudsynt' kunnskap vert viktig." med "Kunnskap vert berre vurdert ut frå relevansen han har til arbeidslivet".

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: Samrøystes.

11 Framlegg frå Tarjei Vågstøl

Slå saman 3.4 og 3.5 til 3.4 FOLKESTYRE

Folkestyre er ikkje ein gjeven storleik, men har vorte forma gjennom ein historisk prosess. Røyneleg folkestyre er avhengig av fleire faktorar: politiske einingar folk kjenner tilhøyrslø og ansvar for; politisk og kulturell sjølvråderett slik at eit folk har høve til å avgjera si eiga framtid, ei sams demokratisk ålmente der meiningar fritt kan brytast, og folkerørslene som gjev alle høve til å kunna ta del i og strida for politiske prosjekt.

Målrørslo har vore viktig i utforminga av det norske folkestyret, og Norsk Målungdom ynskjer framleis å stå i denne tradisjonen.

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: Samrøystes.

12 Frå Jone Aareskjold:

Line 87-91:

Stryk heile punktet.

Spør om det er folkerørslar han vil stryka.

Samrøystes tilrådd avvist

Ingen heldt framlegget oppe.

13 Frå Jone Aareskjold:

Line 94:

Byt ut fyrste setninga med: "Norsk Målungdom meiner at alle nasjonar har rett til å halda på eigen kultur og eigne språk."

Samrøystes tilrådd avvist

Røysting: 10 for framlegget. Ikkje vedteke.

14a Frå Magnus Bernhardsen

Line 96-97: "Norsk Målungdom tek fråstand frå den statlege undertrykkjinga av dei nasjonale minoritetane (samar, kvenar, sinti, roma og sigøynarar) i Noreg, og me vil framheva retten deira til å avgjera si eiga framtid." i staden for siste setninga

Samrøystes tilrådd vedteke

14b Frå nemnda

Stryk parentesene: "(samar, kvenar, sinti, roma og sigøynarar) i Noreg.

Samrøystes tilrådd vedteke

Samla røysting: 2 mot. ingen fråhaldne. Vedteke.

15 Frå Erik Bolstad

3.7 Tillegg line 102:

"..., og heldt oppe stoda der nynorsk og bokmål er offisielle språk"

Samrøystes tilrådd avvist

Røysting: 13 for. 3 fråhaldne. Ikkje vedteke.

16 Frå Bjørn Nesse Hunderi

3.7 Stryk line 103 og 104

Samrøystes tilrådd avvist

Røysting: 3 for. 2 fråhaldne. Ikkje vedteke.

17 Framlegg frå Hilde Lysengen Havro

Pkt 3.7 Språkleg rettferd:

Stryk line 105 – 107.

Erstatt med ”Rettane til nynorskelevane må styrkjast og tryggjast.”

Innarbeidd i framlegg 20

Ingen heldt framlegget oppe.

18 Frå Hilde Ullmann

3.7 Line 105:

Legg til leddsetning; ”særskilt når det gjeld lærebøker og programvare på data” slik at setninga vert ”NMU arbeider for å tryggja rettane til nynorskelevane i skulen, særskilt når det gjeld lærebøker og programvare på data, gjennom å organisera...”

Grunngjeving:

Rettar for lærebøker og programvare på data er noko NMU har kjempa mykje for og noko me bør og må kjempa for vidare.

Samrøystes tilrådd avvist

Røysting: 5 for. 7 fråhaldne. Ikkje vedteke.

19a Frå SST og Thorgeir Holm

Stryk line 107:

”NMU går mot den nye læreboknormalen. Klassiske nynorskformer lyt få sleppa til att i skulen.”

Samrøystes tilrådd vedteke

Røysting: 4 mot. ingen fråhaldne. Vedteke.

19b Frå Jone Aareskjold

Til line 107:

Byt ut "klassiske" med "mindre bokmålsnære"

Samrøystes tilrådd vedteke, dersom 19a vert avvist.

Setninga vart stroke.

20 Frå nemnda, (Veronika Stokseth)

Pkt 3.7, nytt fyrstepunkt:

”NMU skal arbeida for å tryggja rettane til og betra vilkåra for nynorskbrukarane.”

Samrøystes tilrådd vedteke

21 Frå nemnda

Line 105-106:

Stryk linene

Samrøystes tilrådd vedteke

Samla røysting 20 og 21: Samrøystes vedteke.

Til saksførehavinga:

- Trond Martin Sæterhaug ba om meir tid til å vurdera heilskapen i tufta.
- Jone Aareskjold Aareskjold ba om at vedtak på heilskapen i tufta vart utsett til seinare i kveld.

Det vart eit ordskiye om når landsmøtet skal vedta heilskapen i tufta.
Desse hadde ordet: Inger Helen Sekse, Sigbjørn Hjelmbrække, Eli Bjørhusdal.

Røysting: 9 stemte for vedtak på tuft på sundagen, ingen fråhaldne, resten stemte for vedtak seinare laurdag.

Pause.

Framlegg frå ordstyrarane: Landsmøtet gjer vedtak på tufta no. Ordstyraren las opp endringane som skil seg frå heilskapsframlegget til tuftnemnda.

Røysting: Samrøystes.

Røysting på heilskapen i tufta: Vedteke mot ei røyst. ingen fråhaldne.

Hilde Lysengen Havro orienterte om intervjutider med valnemnda.

SAK 12 SIDEMÅL

Sigbjørn Hjelmbrække innleidde.

Desse hadde ordet: Erik Haugan, Inger Johansen, Veronika Stokseth, Erik Bolstad, Magnus Bernhardsen, Mette Løkeland-Stai, Filip Stokkeland, Astrid Sverresdotter Dypvik, Ragnhild Askeland, Gudrun Kløve Juuhl, Hilde Lysengen Havro, Tarjei Johannesen Vågstøl.

Ordstyrarane orienterte om landsmøtefesten.

Vi avslutta dagen 19:10.

Landsmøtet i Norsk Målungdom

Sundag 21. mars

Eli Bjørhusdal og Hege Myklebust var ordstyrarar.

Ragnhild Bjørge vart vald til møteskrivar og Ida Skagen og Ragnhild Bjørge var møteskrivarar heile dagen.

0905: Møte starta. Me song "Her er det land"

0908: Sak 7 Vedtak om medlemspengar 2001

Magnus Bernhardsen gjorde greie for 1st sitt framlegg til medlemspengar for 2001.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

0912: Sak 8 Vedtak på arbeidsprogram

Inger Johansen la fram innstillinga frå arbeidsprogramnemnda.

Framlegg

Nr Framleggsstillar

Innleiing

1a	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Trekt
1b	Håkon Kolmannskog	Vedteke
1c	Håvard Avelsgård	Trekt

Utetterretta verksend

2a	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Vedteke
2a2	Magnus Bernhardsen nynorskbrukarar”	Heldt oppe framlegget i ap - “auke i talet på Fall
2b	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Tilrådd vedteke
3	Gunnhild Hofstad	Vart ikkje hadel oppe
4	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Vedteke
5	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Ingen heldt oppe
6	Nemnsdaframlegget vedt	
7	Gunnar Juuhl og Hilde Ullmann	Avvist
8	Nemndsframlegget,8c	Vedteke
9	Gunnar Juuhl og Hilde Ullmann	Vedteke
10	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
11	Håkon Kolmannskog	Vedteke
12	Gard Eitungjerde Høyvik	Vedteke
13	Trond Martin Sæterhaug	Vedteke
14	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
15a	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Avvist
15b	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Avvist
15c	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Vedteke
15d	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Avvist
15e	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Vedteke
16	Magnus Bernhardsen	Vedteke
	misser..	Endra:..at no mål ikkje
17a	Astrid Sverresdotter Dypvik	Ikkje halde oppe
17b	Astrid Sverresdotter Dypvik	Ikkje halde oppe
18w	Jorun E. Steinsland	Ikkje halde oppe
18x	Erik Bolstad	Ikkje halde oppe
18y	Magnus Bernhardsen	Vedteke
18a	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Ikkje halde oppe
18b	Klaus Johan Grønseth Myrvoll	Vedteke
19	Trond Martin Sæterhaug	Vedteke
20	SmiS	Avvist

Utsendinga frå SmiS, gut argumenterte for framlegget.

Hilde Ullmann ba om at dei fråhaldande røystene vart talde. Vedteke.

21a	Magnus Bernhardsen	Ikkje halde oppe
21b	Nemnda	Vedteke

Innlegg til saksførehavinga:

Gudrun Kløve Juuhl

Ingvild Aursøy Måseide		
22	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
23a	Ingvild Aursøy Måseide	Avvist
23b	Erik Bolstad	Avvist
24	Silje Buset, Bjørn Hunderi, Lillian Leivestad	Leivestad Avvist
Silje Buset argumerte for framlegget.		
25	Ingvild Aursøy Måseide	Avvist
26	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
27	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
28	Ingvild Aursøy Måseide	Vedteke
29	SmiB	Avvist
30	SmiB	Avvist
31	SmiB	Avvist
32	May Britt Hopsdal og Jon Korneliussen	Vedteke
33	Ingvild Aursøy Måseide	

Ordet til skasføreavinga:

Håkon Kolmannskog: Ta vekk ordet "kanskje" og byt ut "kan" med "bør". Redaskjonel
Ingvild Aursøy Måseide

Nemnda vil leggja framlegget til Ingvild Aursøy Måseide. Framlegget frå nemnda fall. Byt ut framlegget frå Ingvild Aursøy Måseide med det som står i pkt 3.3.3 no: Vedteke

34	Gudrun Kløve Juuhl	Vedteke
25a	Ingvild Aursøy Måseide	Avvist
25b	Magnus Bernhardsen	Vedteke
26	Trond Martin Sæterhaug	Vedteke

Røysting over heilskapen i arbeidsprogrammet:

Arbeidsprogram for Norsk Målungdom for arbeidsperioden 2000/2001 vart samrøystes vedteke.

1041: Sak 8: Vedtak på budsjett.

- a) Budsjett for 2000 vart samrøystes vedteke.
- b) Budsjett for 2001 vart samrøystes vedteke.

Pause 10.45 - 11.03.

Song eitt vers av Kråkevisa.

Inger Helen Sekse kom med praktiske opplysningar frå tilskiparlaget.

Gunnar Ottne vitra om eitt dagsseminar i Drammen 8. april. Emne: Norskundervisning for innvandrara. Gunnar Skirbekk med fleire vil innleia.

11.11 Sak 10 Fråsegner

Magnus Bernhardsen vitra frå arbeidet i nemnda og la fram innstillingane.

rp= replikk, srp=svarreplikk

Fråsegn 1:

Framlegg frå nemnda

Til Tore Andre Flo: "Noreg til EM"

Fråsegna vart vedteken mot ei røyst.

Fråsegn 2:

Framlegg frå Erik Bolstad. Han trekte framlegget, til fordel for eit framlegg frå nemnda. Til bladstyret i Motmæle

Desse hadde ordet: Klaus Johan Grønseth Myrvoll, Silje Buset, Trond Martin Sæterhaug, Erik Bolstad, Klaus Johan Grønseth Myrvoll (rp), Erik Bolstad (srp), Ingvild Aursøy Måseide, Håkon Kolmannskog (rp), Ingvild Aursøy Måseide (srp), Gunnar Ottne, Klaus Johan Grønseth Myrvoll (rp), Gunnar Ottne (srp), Veronika Stokseth.

Vedtak: Fråsegna vart vedteken med 21 mot 6 føyster og 2 fråhaldnerøyster.

Fråsegn 3: “Unge Høgre er språkrasistar”

Framlegg frå Astrid Sverresdotter Dypvik og Erik Bolstad

Vedtak: Fråsegna, med red endringar vart vedteke mot ei fråhalden røyst

Fråsegn 4: “Me krev lik rett til utdanning”

Framlegg frå nemnda

Vedtak: Fråsegna vart samrøystesvedteken, med red.endringar.

Fråsegn 5: “Tek du utfordringa, Giske”

Frå nemnda

Vedtak: Fråsegna vart samrøystesvedteken, med red.endringar.

Fråsegn 6: Nei til EU! Køyr debatt!

Frå nemnda

Vedtak: Fråsegna vart vedteken, med red.endringar.

Fråsegn 7: Nynorskskodespelarutdanning

Frå nemnda

Vedtak: Fråsegna vart samrøystesvedteken, med red.endringar.

Fråsegn 8: Fråsegn om revisjon av nynorsknormalen

Frå Arvid Langeland

Mot ei røyst og 4 fråhaldne.

Vedtak: Fråsegna vart avvist

Fråsegn 9: Internfråsegn til landsstyret “Nynorsknormalen”

Frå nemnda

Vedtak: Fråsegna vart samrøystesvedteken, med red.endringar.

Fråsegn 10 : Stogg raseringa av grendeskulane!

Frå: Håvard avelsgard, Trond Martin Sæterhaug, Veronika Stokseth, Gard Eitungjerde Høyvik Eitungjerde Høyvik, Gudrun Kløve Juuhl.

Nemnda har skriva om framlegget.

Desse hadde ordet: Trond Martin Sæterhaug, Guri Skeie, Magnus Bernhardsen, May Britt Hopsdal, Magnus Bernhardsen (rp), Astrid Sverresdotter Dypvik

Magnus Bernhardsen foreslo å byta ut orda "utbytte" med "tilbod" i 4. lina, og skriva "som støtt vert møtt med" i line 7.

Ingen heldt oppe det opphavlege framlegget.

Vedtak: Fråsegna vart vedteken mot ei røyst og ei fråhalden røyst.

Guri Skeie har levert eit framlegg til rettingar på dårleg språk m.m. til dei som skal senda ut fråsegna:

"Slå saman setning 1 og 2

Setning 4: Språkleg - grendeskulane gjev eit betre sosialt og fagleg tilbod... (eller ei formulering)

Setning 4: Innhald: Grendeskulane...er ofte sentrale samlingspunkt for folkekulturen - svulstig

Line 5: Veks fram i staden for veks opp - og det er sikkert meir som må endrast på."

Fråsegn 12: Stogg undertrykkjinga av samane!

Frå nemnda, mot ei røyst.

Magnus Bernhardsen gjorde greie for fleirtalet si innstilling. Silje Buset gjorde greie for mindretalet sitt syn.

Vedtak: Fråsegna vart vedteken mot 4 røyster og 2 fråhaldne røyster.

PAUSE 11.58 - 12.12

Me møtelyden song Ola Tveiten

Gudrun Kløve Juuhl heldt eit reklameinnslag for vervekampanjen

Sak 13 Val

Hilde Lysengen Havro vitra om arbeidet i valnemnda, kva kriterium dei har arbeidd etter, (kjønn, geografi...) osfr. og la fram innstillinga frå valnemnda.

Innstilling på nytt sentralstyre

Astrid Sverresdotter Dypvik vald til leiar ved handklapp

Gudrun Kløve Juuhl vald til nestleiar ved handklapp

Ragnhild Ås vald til økonomiandsvarleg ved handklapp

Styremedlemer:

Inger Johansen vald ved handklapp

Haldvrd Dahle Læg Reid vald ved handklapp

Eva Marie M. Mathisen vald ved handklapp

Klaus Johan Grønseth Myrvoll vald ved handklapp

Vara:

Inger Helen Sekse

Hege Tangen

Erik Bolstad

Ragnhild Bjørge

Varfolka vart valde ved handklapp.

Innstilling til nytt landsstyre.

Medlemer på val i 2001 (valde for eitt år):

Magnus Bernhardsen

Ingrid Orstad Teigen

Snorre Sandemose

Olav Torheim

Desse vart valde ved handklapp

Medlemer på val i 2002:

Jone Aareskjold

May Britt Horsås

Hilde Ullmann

Sigbjørn Hjelmbrække

Marie Grue Kuvås

Siv Janne Andersen

Marit Tennø

Gunnar Juuhl

Desse vart valde ved handklapp

Varafolk (valde for eit år):

1. Andreas Øiestad
2. Jorun Erga Steinsland
3. Gard Eitungjerde Høyvik
4. Marita Helleland Åndanes
5. Hilde Lysengen Havro
6. Helga Bjørge
7. Ingvar Tjøstheim
8. Gunnhild Nyborg
9. Erlend Hovland
10. Håvard Tangen

Desse vart valde ved handklapp

Styremedlem i Noregs Mållag

Hilde Lysengen Havro

Vald ved handklapp

Varafolk:

1. Tarjei Johannesen Vågstøl
2. Eva Marie Mathisen

Valde ved handklapp

Landsrådet i Noregs Mållag

Inger Johansen

Vald ved handklapp

Varafolk:

1. Halvard Dahle Læg Reid
2. Ragnhild Bjørge

Valde ved handklapp

Valnemnda i Noregs Mållag

Inger Johansen

Vald ved handklapp

Varafolk:

1. Ragnhild Bjørge
2. Klaus Johan Grønseth Myrvoll

Valde ved handklapp

Utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag

1. Sentralstyret
2. Landsstyret
3. Medlemer i alfabetiskrekkefølge

Desse hadde ordet: Håkon Kolmannskog og Gunnar Ottne.

Valde ved handklapp

Ettersynsmenn

Varden revisjonskontor

Valde ved handklapp.

Driftsfondet åt Norsk Målungdom

Magnus Bernhardsen (2 år)

Ragnhild Ås (2 år)

Ragnhild Bjørge (1 år)

Varafolk:

1. Erik Bolstad
2. Inger Johansen

Desse hadde ordet: Erik Bolstad

Valde ved handklapp

Ettersynsmenn for driftsfondet åt Norsk Målungdom

Vidar Lund

Sveinung Helgheim

Valde ved handklapp

Nyvald leiar Astrid Sverresdotter Dypvik takka for tilliten og oppsummerte landsmøtet. og sa at ho gler seg til arbeidet frametter, osfr...

Praktisk informasjon frå Arild Torvund Olsen

Magnus Bernhardsen la fram framlegg til ny valnemd:

Leiar:

Inger Johansen

Vald ved handklapp

Medlemer:

Hilde Lysengen Havro

Sigbjørn Hjembrekke

Valde ved handklapp

Varafolk:

1. Trond Klaape

2. May Britt Horsås

3. Eva Marie Mathisen

Valde ved handklapp

Sak 14 Landsmøtestad 2001

Magnus Bernhardsen la fram landsstyret si innstilling på landsmøtestad i 2001.

Landsstyret har innstilt på å leggja landsmøtet i 2001 til Time kommune og Bryne MU.

Gute- og jenteettermøte

Møtelyden song dei siste versa av "Ola Tveiten"

Sak 15 Møtekritikk og avslutning.

Desse hadde ordet:

Ingvild Aursøy Måseide, Inger Helen Sekse, Erik Bolstad, Gard Eitungjerde Høyvik, Trond Martin Sæterhaug, Gunnar Ottne, Gudrun Kløve Juuhl, Filip Stokkeland.

Magnus Bernhardsen takka for åra i sentralstyret og som leiar. So loverekte klubba og ynskte Astrid Sverresdotter Dypvik lukke til som leiar.

Takka SmiO for innsatsen i helga og overrekte ei gåve som takk.

Astrid Sverresdotter Dypvik heva møtet.

Møtet vart avslutta ved at landsmøtet song Nordmannen.

